



ARBEIDSGJEVARSTRATEGI 2017-2020

Bakgrunn og formål:


Skodje kommune sin arbeidsgjevarstrategi vil bidra til å realisere kommunen sin visjon: «Skodje kommune – for mangfald, trivsel og utvikling»

I tida fram til 2020 står Skodje kommune framfor ei kommunesamanslåing med fleire andre kommunar. Dette krev endringsevne, samarbeidsevne, mot og evne til nytenking hos både politikarar, leiarar og tilsette.

Medarbeidarane er kommunen sin viktigaste ressurs i å skape framtidsretta tenester. I Skodje kommune har vi ei grunnleggande tru på at medarbeidarar har ønske om å gjere ein god jobb og at sjølvleiande medarbeidarar er avgjerande for å nå måla vi har sett oss.

Arbeidsgjevarstrategien tek utgangspunkt i Kommuneplanen sine overordna mål og skal gi eit ideologisk fundament for all personalhandtering i kommunen. Samtidig skal arbeidsgjevarstrategien peika på dei viktigaste satsingsområda på personalområdet i tida fram til 2020.

Arbeidsgjevarstrategien kan illustrerast i modellen av eit hus, der satsingsområda bygger på fundamentet vårt som er verdigrunnlag, leiarfilosofi og etikk. Saman med kommunen sine uttalte planar og strategiar, normer og kultur skal satsingsområda hjelpe oss å nå det overordna målet i Kommuneplanen.





Verdigrunnlag:

Arbeidsgjevarstrategien bygger på verdigrunnlaget for forvaltning og tenesteproduksjon i Skodje kommune:

VERDIAR	FOR OSS BETYR DETTE AT VI...	OMDØMME HOS INNBYGGARANE
TRIVSEL	<ul style="list-style-type: none"> - gir og får konstruktive tilbakemeldingar - høyrer og ser kvarandre - viser kvarandre respekt 	MOTIVERTE TILSETTE
IDENTITET	<ul style="list-style-type: none"> - Tenkjer vi og vårt framfor eg og mitt - Snakkar med - og ikkje om kvarandre - Er lojale mot måla 	SAMSTEMTE
TRYGGHEIT	<ul style="list-style-type: none"> - Tydeleggjer måla og forventningane - Er klare og konsekvente i ord og handling - Er opne og ærlege i vår kommunikasjon 	TILLIT
ENTUSIASME	<ul style="list-style-type: none"> - Viser engasjement, glede og humor - Spelar kvarandre gode - Jaktar på nye idear og tek i bruk ny kunnskap - Viser evne og vilje til fornying 	I UTVIKLING

Gjennom felles verdigrunnlag i organisasjonen skaper vi identitet, og i møtet mellom tilsette og innbyggjarar vert tillit og omdømme utvikla.

Leiarfilosofi:

Leiarplattforma i Skodje tek utgangspunkt i eit positivt menneskesyn. Kompleksitet og endringar kjenneteikner kommunen. Dette krev endringsevne, samarbeidsevne og mot til å ta avgjerder.

1. Vi har ei grunnleggande tru på at medarbeidarar har eit ønske om å gjere ein god jobb.
2. Vi har tru på at sjølvleiande medarbeidarar er avgjerande for å nå måla vi har sett oss.

Leiarar i Skodje kommune:

- Er tydelege på mål og forventningar
- Skaper lagkjensle og felles fokus mot målet
- Gir handlingsrom og utviklar sjølvleiande medarbeidarar
- Har risikovilje og mot til å bevege seg i ukjent terreng
- Tillater at det vert gjort feil – og lærer av feila
- Har metodebevisstheit om innovasjonsprosessar
- Etterspør resultat, evaluerer og utviklar kvalitet på bakgrunn av det ein har lært



Etikk:

Skodje kommune skal forvalte fellesskapet sine verdier. Innbyggjarane våre må ha tillit til at dette vert gjort på ein god måte. Denne tilliten vert skapt gjennom trygge medarbeidarar som handlar utifrå våre grunnleggande felles verdier.

Som offentleg tilsette og folkevalde skal vi opptre i samsvar med gjeldande lovar og reglar. I tillegg skal vi handle i samsvar med etablerte oppfatningar om kva som er rett og galt. Skodje kommune skal bygge eit godt omdømme på bakgrunn av høg etisk standard.

Som tilsett og folkevald bør du kunne reflektere over om det arbeid du utfører:

- er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og retningslinjer
- er i samsvar med dei vedtak som er gjort
- står i ei heilskapleg samanheng for den det gjeld
- har uheldige konsekvenser for individ, miljø eller samfunn
- tåler offentleg merksemd

Mot er den viktigaste dyden. Utan den vil ein ikkje kome ut av komfortsona og meistre noko nytt. Å vere modig handlar ikkje om fråver av frykt, men evna til å trasse ho.





Satsingsområde i perioden 2017-2020:

Satsingsområda er peika ut med bakgrunn i målsettingane i Kommuneplanen sin samfunnsdel.

Satsingsområde	Strategi
Samskaping	<ul style="list-style-type: none"> • Legge til rette for møteplassar som fremmer samskaping • Utvikle arbeidsformer som fremmer samskaping • Ta i bruk digitale verktøy som fremmer samskaping og deling av kunnskap
Rekruttering	<ul style="list-style-type: none"> • Profilere kommunen som attraktiv arbeidsgjevar blant arbeidssøklarar • Tilby attraktive stillingar i kombinasjon med vidareutdanning og i samarbeid med næringsliv og forskarmiljø • Fremme likestilling og heiltidskultur • Arbeide langsiktig og målretta med rekruttering av ungdom og fremmedspråklige
Kompetanseutvikling	<ul style="list-style-type: none"> • Fremme en kultur for refleksjon, nysgjerrigheit og nytenking • Aktivt bruke strategisk kompetanseplan og handlingsplanar i einingane • Tilby leiarutvikling • Aktivt følgje opp tilsette og tilby relevant kompetanseutvikling • Utvikle digitale verkty for kompetansedeling
Innbyggjarfokus	<ul style="list-style-type: none"> • Forankre ei haldning hos alle tilsette at vi er til for innbyggjarane • Utvikle digitaliseringsløysningar som fremmer innbyggjarinvolvering og lett tilgjengelege tenester • Bygge omdøme gjennom å synleggjere aktivitet og resultat i sosiale medier

Vedteke i Administrasjonsutvalet 12.12.2017